

494/1953.

4. juli 1953.

00 7 4

Kommunal- og arbeidsdepartementet,
 Det juridiske kontor,
 Grubbegt. 1 VI,
 Oslo.

Makulering av arkivmateriale i forsyningsnemndene.

Svar på brev 18. april 1953 (jnr. 479/53 D.I. IS/TH.).

Makuleringsframlegget gjeld arkivstoff som spenner over ein vid skala både når det gjeld form og saksinnhald. Materialet er stort, og lite oversyn^{leg}, dertil spreitt på einskild-arkiv over heile landet. Det er grunn til å tru at arkiveringsmåten i mangt skifter frå arkiv til arkiv.

Vanskane vert understreka ved at materialet gjeld ein periode som berre i liten mon har vori teken opp til metodisk historisk gransking.

Frå eit arkivsynspunkt ville det ha vori det beste om kassasjonen i det heile kunne ha venta. Med dei atterhald ein har teki nedanfor, vil ein likevel ikkje rå frå ein kassasjon etter dei retningslinene som er dregne opp i utkastet til rundskriv til fylkesmennene (IS/TH. 10.4.53). Men ein vil sterkt streka under at allstad der det er mogeleg, bør arkiva framleis haldast intakte.

I) Desse gruppene av arkivsakene bør heilt ut takast vare på

(tilvisingar til rundskrivutkastet):

- | | |
|-------------------------|-------------------|
| 1) Personregister | (II A, punkt 2 i) |
| 2) Utfylte skjema 5,6,7 | (" ", " 3 a) |

- 3) Utfylte skjema 324 (II A, punkt 3 g)
- 4) Protokollar over alle nyfødde (" ", " 3 n)
- 5) Protokollar over alle døde (" ", " 3 o)
- 6) Materiale som gjeld forsyningar til dei tyske okkupasjonsstyrkane (" ", " 3 p)
- 7) Protokollar over lækjarattestar og protokollar over sjuke (II B, punkt 5 f)
- 8) Utfylte skjema T 48 (" C, " 10)
- 9) Søknader i brevform (" ", siste pasus^s, siste setning)
- 10) Alt arkivmateriale under avsnitt II E ("Vedrørende andre rasjoneringsordninger") og alt under Provianteringsdirektoratet (rundskrivutkastet s. 6). (Opplysningane er svært knappe når det gjeld desse postane, og for storparten av dei rasjoneringsordningane det her gjeld, har ein ikkje fått prøver på materialet.)
- II) Av dei seriane som skal kasserast, bør det takast ut eit utval frå åra 1939, 1941, 1943, 1945 og 1949. Utvalet for 1939 bør vera frå 4. kvartal og minst dekkja november månad. For dei andre åra bør det takast frå 1. kvartal og minst dekkja februar månad.

Etter fullmakt

W.R.

RA. j.nr. 1036/1953.

Gamle arkivsaker ved Bergen loskontor.

Til statsarkivaren i Bergen.

En ber statsarkivaren se på de omtalte arkivsaker. Så fram
det ikke kan tilrås at de blir kassert, skal en spørre om Stats-
arkivet kan overta dem.

Riksarkivet, 9. september 1953.

A. St.

J.O.